

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 122/2012

2012/EØS/56/19

av 15. juni 2012

**om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om samarbeid på særlege område utanfor dei fire
fridommene**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 86 og 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Protokoll 31 til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 101/2012 av 30. april 2012⁽¹⁾.
- 2) Samarbeidet mellom avtalepartane bør utvidast til å omfatte europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 940/2011/EU av 14. september 2011 om Det europeiske året for aktiv aldring og solidaritet mellom generasjonane (2012)⁽²⁾.
- 3) Protokoll 31 til avtala bør difor endrast for å gjere eit slikt utvida samarbeid mogleg frå 1. januar 2012 –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I artikkel 5 i protokoll 31 vert det gjort følgjande endringar:

1. Nummer 5 skal lyde:

”5. EFTA-statene skal delta i fellesskapsprogrammene og -tiltakene nevnt i de to første strekpunktene i nr. 8 fra 1. januar 1996, i programmet nevnt i tredje strekpunkt fra 1. januar 2000, i programmet nevnt i fjerde strekpunkt fra 1. januar 2001, i programmene nevnt i femte og sjette strekpunkt fra 1. januar 2002, i programmene nevnt i sjuende og åttende strekpunkt fra 1. januar 2004, i programmene nevnt i niende, tiende og ellefte strekpunkt fra 1. januar 2007, i programmet nevnt i tolvte strekpunkt fra 1. januar 2009 og programmet nevnt i trettende strekpunkt fra 1. januar 2012.”

2. I nr. 8 skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32011 D 0940**: europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 940/2011/EU av 14. september 2011 om Det europeiske året for aktiv aldring og solidaritet mellom generasjonane (2012) (EUT L 246 av 23.9.2011, s. 5).”

Artikkel 2

Denne avgjerda tek til å gjelde dagen etter at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Avgjerda skal nyttast frå 1. januar 2012.

⁽¹⁾ TEU L 248 av 13.9.2012, s. 39, og EØS-tillegget til TEU nr. 50 av 13.9.2012, s. 45.

⁽²⁾ TEU L 246 av 23.9.2011, s. 5.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.